



UNIVERSITETET I OSLO

Forskarforbundet ved UiO
NTL ved UiO
Parat ved UiO
Akademikarane ved UiO

Dato: 12.12.2023
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 12.12.2023

Frå organisasjonane

- Bjørnar Sæther – Forskarforbundet
- Ole Magnus Ørsnes – Akademikarane
- Helene Askeland Thuen og Lærke Ajaaja Madsen Otzen – NTL
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Kari Marie Pound Davies – fungerande fakultetsdirektør
- Reidun Nielsen – seniorrådgjevar økonomi
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Lenke til styresakene: [Innkalling til møte i fakultetsstyret 14.desember 2023 - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(uio.no\)](#)

Drøftingssaker

1. Budsjett 2024 og langtidsprognose 2024-2027

Fungerande fakultetsdirektør orienterte kort om dei få endringane som var gjort sidan saka sist vart drøfta i IDF-møtet 28.11.2023.

Lokalt hovudvernombod kommenterte at det var vanskeleg å få lest denne saka grundig, gitt at sakspapira først vart publisert på styrekartet 11.12.2023, noko som vart støtta av NTL.

Fungerande fakultetsdirektør syntte til at papira først var ferdig den 11.12.2023, og at saka vart drøfta for 2 veker sidan.



2. Møteplan for informasjons- og drøftingsmøta i 2024.

Organisasjonane hadde ingen merknader til møteplanen.

Vidare orienterte fungerande fakultetsdirektør at fakultetet tek sikte på å laga nettsider for IDF-møta ved fakultetet frå 2024, etter modell ved Juridiske fakultet.

Informasjonssaker

A. Saker til fakultetsstyremøtet 14.12.2024

Organisasjonane og lokalt hovudvernombod hadde ikkje merknader til dei andre sakene.

B. Personalsituasjonen

Seksjonsleiar i Seksjon for forskning og kommunikasjon har sagt opp stillinga si. Fakultetet tek sikte på å få lyst ut stillinga 02.01.2024.

Karen Helene Ulltveit-Moe ved Økonomisk institutt og Elin Haugsgjerd Allern ved Institutt for statsvitskap er valt til nye instituttleiarar for perioden 2024-2027.

Anniken Hagelund ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi og Bjørn Lau ved Psykologisk institutt er gjenvalt som instituttleiarar for perioden 2024-2027.

Med helsing

Kari Marie Pound Davies
fungerande fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.